



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Akershus fylkeskommune
Postboks 1200 Sentrum

0107 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
11/50-1 KRT

Dato 6. oktober 2011

**Orientering om framlegg til statsbudsjett for 2012 – Programkategori 13.50
Distrikts- og regionalpolitikk – Førebels rammer**

Kommunal- og regionaldepartementet vil med dette informere om framlegget frå regjeringa til budsjett for 2012 for gjennomføring av distrikts- og regionalpolitikken, og om førebels fordeling av budsjetttramma under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Sjå Prop. 1 S (2011–2012) *Kommunal- og regionaldepartementet* for meir informasjon.

Endeleg oppdragsbrev, tildelingsbrev og tilskotsbrev vil bli sende ut etter at Stortinget har handsama budsjettforslaget. Det kan kome endringar i rammene og i fordelinga av midlar. Dette orienteringsbrevet er eit grunnlag for planlegging.

I. Rammer for 2012 under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Regjeringa gjer i statsbudsjettet for 2012 framlegg om ei samla løyving på 2 686,4 mill. kroner under programkategori 13.50. I lys av budsjettsituasjonen er løyvinga til dei særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under Kommunal- og regionaldepartementet redusert med om lag 92 mill. kroner frå saldert budsjett 2011.

Fordeling av samla løyvingar under programkategori 13.50 på kap./postar, i tusen kroner:

Nemning	Saldert 2011	Forslag 2012
Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling	1 552 350	1 500 950
Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift	696 300	628 600
Kap. 552, post 21 Kunnskapsutvikling, informasjon o.a.	13 000	15 500
Kap. 552, post 62 Nasjonale tiltak for lokal samfunnsutvikling	30 000	30 000
Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling*	459 750	484 100
Kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling	26 700	27 200

Desse prioriteringane er sentrale i budsjettet for 2012:

- auke i tildelinga til Næringshageprogrammet til totalt 40 mill. kroner i 2012, ein dobling samanlikna med 2010.
- styrking av MERKUR-programmet og utviklings- og investeringsstøtteordninga for daglegvarebutikkar i distriktsområde, inklusive midlar til drivstoffanlegg
- ny tilskotsordning – Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar
- vidareføring av tildelinga av midlar til kommunale næringsfond

I tillegg føreslår departementet òg å opprette ei ny treårig forsøksordning som skal bidra til utviklinga av attraktive lokalsamfunn gjennom å stimulere til auka tilbod av ulike typar bustader i kommunar med små og usikre bustadmarknader og/eller mangel på bustader. Forsøket vil omfatte 10–12 utvalde kommunar. Les meir i Prop. 1 S (2011–2012) *Kommunal- og regionaldepartementet*, kapittel 581, post 70 Boligetablering i distriktene under programkategori 13.80 Bolig, bomiljø og bygg.

I punkt III under er rammer og nye prioriteringar for dei einskilde postane presenterte nærare. I tillegg har vi lagt ved førebels oversikt over fylkesfordelinga for ramma på kap. 551, post 60.

II. Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Statsbudsjettet tek utgangspunkt i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal vere fri til å busetje seg der dei ønskjer, og vil utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 er ein ekstrainsats som skal styrkje grunnlaget for busetjing og verdiskaping i område og landsdelar med særlege utfordringar, og skal i hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske virkeområdet. Nokre av midlane kan nyttast utanfor virkeområdet for å medverke til å utløyse regionale potensial for verdiskaping. Bruken av midlane må

også sjåast i samanheng med nordområdestrategien til regjeringa og med Kommunal- og regionaldepartementet sitt arbeid for mellom anna forskingsløft i nord og auka entreprenørskap.

Midlane skal medverke til å styrkje verdiskapinga i næringsmiljø og utvikle attraktive arbeidsplassar ved å fremje innovasjon, omstilling og nyetableringar. Midlane skal òg medverke til å utvikle lokal infrastruktur, kompetanse og attraktive stader.

Departementet legg vekt på tiltak som kan påverke val av bustad og medverke til entreprenørskap. Kvinner, unge og innvandrarak er framleis prioriterte grupper i distrikts- og regionalpolitikken. Fylkeskommunane og verkemiddelaktørane blir difor oppfordra til å medverke til at desse gruppene blir prioriterte. Dette skal støtte opp om departementet sitt mål om at 40 pst. av dei næringsretta midlane skal gå til kvinner innan 2013. Dei næringsretta midlane blir avgrensa til å gjelde direkte bedriftsretta stønad.

III. Førebels rammer og fordelingar for dei einskilde tilskotspostane

Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Regjeringa føreslår å løyve 1 500,95 mill. kroner på kap. 551, post 60 for 2012, som blir fordelte til fylkeskommunane. Førebels fylkesfordeling av midlane går fram av vedlegg 1. Endeleg fylkesfordeling vil bli nedfelt i tilskotsbrev for 2012.

Innovasjon Noreg har ansvaret for å forvalte midlane til direkte bedriftsstøtte. Fylkeskommunane kan tildele bedriftsretta midlar til den einskilde NCE, næringshage m.m. under dei nasjonale programma NCE, ARENA, Næringshageprogrammet og Inkubatorprogrammet. Dette er ei justering av den forvaltningspraksisen som er nedfelt i St.prp. nr. 51 (2002–2003), der det heiter at fylkeskommunane ikkje skal forvalte bedriftsretta verkemiddel. Departementet har sett i gang eit arbeid med naudsynte avklaringar mot ESA. Fylkeskommunane kan òg gje midlar til Ungt Entreprenørskap og Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI). Kommunar og regionråd kan tildele direkte bedriftsstøtte innanfor reglane for bagatellmessig støtte under EØS-avtalen. Dersom fylkeskommunane vil gje tilskot til næringshagar eller inkubatorar utanom dei nasjonale programma, må fylkeskommunane sjølve notifikere støtta.

Fylkeskommunane kan i avgrensa omfang delegere forvaltningsansvar til ikkje-heileigde offentlege selskap.

Ramma til fylkeskommunane blir fastsett etter både objektive kriterium og skjønn. Fylkeskommunane skal innanfor sine rammer òg dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for oppdrag som dei gjev til Innovasjon Noreg, SIVA og Forskningsrådet. Fylkeskommunane og Innovasjon Noreg vil seg imellom avtale

omfanget av slike kostnader knytt til Innovasjon Noreg-tenester som dei finansierer. Beløpet i avtalen vil bli trekt frå totalramma som blir overført til fylka, fordi desse midlane skal overførast direkte frå departementet til Innovasjon Noreg. For å kunne fordele ramma på kap. 551, post 60 til fylkeskommunane har departementet, inntil endeleg beløp er avklart, brukt same beløp som i 2011, dvs. 45 mill. kroner.

Objektive kriterium

Den objektive fordelinga skal medverke til å nå både distriktpolitiske og regionalpolitiske mål. Samla gjev fordelinga ein klar distriktsprofil:

- *Distriktpolitisk komponent:* Fordelinga av ramma mellom fylkeskommunane skjer i hovudsak på grunnlag av folketal innanfor dei einskilde sonene av det distriktpolitiske virkeområdet, med vekting av sonene etter distriktpolitisk prioritet.
- *Regionalpolitisk komponent:* For at alle fylkeskommunane skal ha eit grunnlag for å fylle rolla si som regional utviklingsaktør, blir alle tildelte eit fast beløp (botnplanke) utan avkorting. Sentralfylka (Oslo, Akershus, Vestfold og Østfold) får òg ein garantisum, som saman med botnplanken gjev fylka eit minstebeløp.

Skjøn:

Det blir tildelt midlar til kommunale næringsfond, omstilling og Interreg IV A basert på skjøn. Midlane til grenseregionalt programsamarbeid gjennom Interreg IV A for perioden 2007–2013 er fastlagde i samråd med fylkeskommunane. Bidraget til Interreg IV A er synleggjort på dei deltakande fylka, jf. vedlegg 2. Fordelinga er den same som i 2011. Midlar til dei ulike programma vil av praktiske omsyn bli overførte direkte til sekretariatsfylka, som tidlegare. Tilskotsbrevet vil synleggjere kva som blir overført til sekretariatsfylka.

Tiltak i 2012:

- *Kommunale næringsfond*

Departementet legg opp til ei vidareføring av tildelinga på 225 mill. kroner. Løyvinga skal gjere kommunane betre i stand til å leggje til rette for vekst, verdiskaping og sysselsetjing. Kommunale næringsfond må sjåast i samanheng med arbeidet for å styrkje Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) og arbeidet med Førstelinje for utvikling av næringsliv i kommunane (FUNK). Departementet føreset at løyvinga til kommunale næringsfond blir teken i bruk ved at alle midlane blir tildelte kommunar eller regionråd.

- *Omstilling*

Kommunal- og regionaldepartementet legg førebels opp til ei løyving på 64 mill. kroner til omstillings- og nyskappingsarbeid i vanskelegstilte kommunar/regionar på kap. 551, post 60. Beløpet er basert på innspel frå fylkeskommunane. Midlane vil gje fylkeskommunane høve til å støtte opp om kommunar/regionar der hjørnesteinsbedrifter er lagde ned, eller der næringar har hatt store reduksjonar i

sysselsetjinga. Ei oversikt over fylkeskommunar som får tildelt midlar til omstilling, finst i vedlegg 2. Fylkeskommunane står elles fritt til å prioritere tildelte midlar mellom kommunar og regionar i fylket.

Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift

Regjeringa har føreslått ei løyving på 628,6 mill. kroner på denne posten for 2012. Departementet vil kome attende til den fylkesvise fordelinga av rammene når desse ligg føre etter årsskiftet 2011/2012.

På grunn av vesentleg sterkare sysselsetjing og folketalsutvikling i Bodø og Tromsø samanlikna med andre kommunar som ikkje fekk gjeninnført redusert arbeidsgjevaravgift, er løyvinga til Nordland og Troms fylkeskommunar føreslått redusert i 2012.

Av omsyn til dei utfordringane som landsdelen står overfor, har Kommunal- og regionaldepartementet som mål å sikre at midlane i større grad enn i dag blir brukte slik at det gjev ringverknader i heile landsdelen. Departementet legg difor til grunn at Nordland og Troms fylkeskommunar i stor grad bruker midlane på tiltak utanfor byane Bodø og Tromsø. Det vil seie i distrikta i dei to kommunane og i andre kommunar i fylka. Departementet ber Troms om å auke sin del av løyvinga til tiltak utanfor Tromsø sentrum.

Som i dei siste åra vil det i 2012 vere eit restbeløp på grunn av endringar i utrekningsgrunnlaget for differensiert arbeidsgjevaravgift. Midlane skal prioriterast til vidare utbygging av breiband innanfor det distriktpolitiske virkeområdet. Etter avtale med departementet kan ein nytte midlane til andre infrastruktur- og næringstiltak innanfor virkeområdet, under dette til mobildekning.

Kap. 552, post 62 Nasjonale tiltak for lokal samfunnsutvikling (LUK)

Det blir løyvd 30 mill. kroner til satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane i 2012. Fylkeskommunane er ansvarlege for satsinga og gjennomføringa av tiltaka. Planlegging, konkretisering og iverksetjing av tiltak skal skje i samarbeid med kommunane og andre samarbeidspartnarar. Innsatsen tek utgangspunkt i utfordringane i den einskilde regionen og skal byggje vidare på etablerte strategiar i regionar og kommunar. Satsinga skal også medverke til samordning av det lokale og regionale utviklingsarbeidet i fylkeskommunane. Løyvinga blir tildelt fylkeskommunane etter søknad. Løyvinga skal rettast mot tiltak i kommunane i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn. Retningslinjene for tilskotsordninga vil bli lagde ved tilskotsbrevet.

Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling

Regjeringa føreslår ei løyving på 484,1 mill. kroner på kap. 552, post 72 i 2012. I oversiktene nedanfor viser vi førebels fordeling av ramma for 2012 på program og innsatsområde i Innovasjon Noreg, SIVA, Noregs forskingsråd og Kommunal- og regionaldepartementet, samanlikna med saldert budsjett 2011. Departementet har i teksten under i hovudsak kommentert satsingsområde der det skjer ei endring frå 2011 til 2012.

Endeleg fordeling mellom aktørar, program og innsatsområde vil bli nedfelt i oppdragsbrev for 2012. Verkemiddelaktørane kan gjere mindre justeringar mellom program og innsatsområde innanfor desse rammene. Vi ber om at eventuelle ønske frå SIVA, Innovasjon Noreg eller Noregs forskingsråd om endringar i fordelinga av midlar på program og innsatsområde blir tekne opp i god tid før halvårsmøta i haust. Departementet ber aktørane, som ein del av rapporteringa, i større grad fokusere på og synleggjere avvik frå fastlagde krav og forventningar til resultat, som ressursutnytting, geografi, målgrupper, innovasjon, administrasjons- og gjennomføringskostnader m.m.

- SIVA – samla økonomisk ramme: 83,3 mill. kroner

Arbeidsmål	Program	Saldert 2011	Forslag 2012
1.1 Styrkje næringsmiljø	Næringshageprogrammet	25,0*	40,0
	Inkubasjon (FoU, industri, mat og natur)	32,0	29,3
	Regionalisering og nettverk m.m.	3,0	3,0
1.3 Entreprenørskap	Kvinnovasjon	11,0	11,0

* Det blei i tillegg løyvd 10 mill. kroner til Næringshageprogrammet i revidert nasjonalbudsjett 2011.

Endringane frå 2011 til 2012 er at løyvinga til Næringshageprogrammet er auka til 40 mill. kroner i 2012, og at 2011 var siste året med øyremerkt løyving til to inkubatorar i Nord-Noreg under industriinkubatorprogrammet, slik at beløpet er noko redusert. Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet vil i samarbeid med SIVA arbeide vidare med utforming og innhald i eit samanslått inkubatorprogram.

- Innovasjon Noreg – samla økonomisk ramme: 157,8 mill. kroner
(administrasjons- og gjennomføringskostnadene er medrekna i tala)

Arbeidsmål	Program og satsingar	Saldert 2011	Forslag 2012
1.1 Styrkje næringsmiljø	NCE-programmet, Arena-programmet og Bedriftsnettverk	72,1	72,1
1.2 Vidareutvikle etablerte føretak	Designprogrammet, Kompetanseprogrammet	12,9	12,9
1.3 Entreprenørskap	NyVekst, Ung gründer, inkludert mentorordning for unge og særskilt satsing i Nord-Noreg, Høgvekst/anna satsing på entreprenørskap, Førsteline for utvikling av næringsliv i kommunane	36,2	37,2
Særskilde satsingar, tverrgåande tema, tenesteutvikling, analysar, profilering	Kultur og opplevingar, Regional omstilling, Kvinner i næringslivet og analysar, evalueringar og profilering	46,6	35,6

Departementet vil auke løyvinga til entreprenørskap og nyskaping blant unge i nord og redusere midlane til analysar, evalueringar og profilering tilsvarande. Det er i 2012 ikkje sett av midlar til den særskilde satsinga "Reiselivs- og destinasjonsutvikling i Nord-Noreg".

- Noregs forskingsråd – samla økonomisk ramme: 75,2 mill. kroner

Mål	Program	Saldert 2011	Forslag 2012
1.1 Styrkje næringsmiljø	VRI (Verkemiddel for regional FoU og innovasjon)	39,0	39,0
	Regionale representantar	1,2	1,2
2.1 Kompetanse	Forskingsløft i nord	35,0	35,0

Innsatsen på kap. 552, post 72 til Forskingsrådet blir vidareført på same nivå i 2011. Departementet kjem attende til løyvingar på kap. 500, post 50 til Demosreg og velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) i endeleg tildelingsbrev (oppdragsbrev).

- Spesielle satsingar forvalta av Kommunal- og regionaldepartementet

Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over førebels fordeling av midlar til større satsingar og program finansierte under programkategori 13.50, forvalta av Kommunal- og regionaldepartementet.

Program og innsatsområde	Saldert 2011	Forslag 2012
Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar	-	10,0
Internasjonalt arbeid	38,4	39,2
Bulyst (inkl. kultur- og næringspilotar)	47,0	42,0
Utviklings- og investeringsstøtte til daglegvarebutikkar i distrikta, inklusive midlar til drivstoffanlegg	15,0	34,2
MERKUR-programmet	9,0	9,0*
Verdiskapingsprogram for naturarven	10,0	10,0
Ungt Entreprenørskap	10,0	12,0
Ungt Entreprenørskap i Nord-Noreg	1,0	1,0
Forsøk med gratis ferje	3,0	2,8
Forsøk med førarkort	2,0	1,5
Inn på tunet	1,0	1,0

*I tillegg får MERKUR-programmet midlar frå kap. 552, post 21 til administrasjons- og gjennomføringskostnader.

Departementet vil løyve 42 mill. kroner til Bulyst i 2012. Midlane skal nyttast til å støtte opp om lokale, regionale og nasjonale utviklingsprosjekt som fremjar bulyst i heile landet. Ordninga skal vidareutvikle kunnskap om kva som aukar sjansane for at busette og tilflyttarar trivst og blir buande. Fylkeskommunane vil framleis ha ei sentral rolle i arbeidet.

I 2012 blir den nye tilskotsordninga Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar starta. Ordninga skal bidra til auka verdiskaping og næringsutvikling i avgrensa landskaps- og identitetsområde med særskilde natur- og kulturverdiar. Lokale og regionale parkar er ein samarbeidsmodell for bygdeutvikling og berekraftig bruk av område med viktige natur- og kulturverdiar. Parkane skal fremje heilskapleg stad- og næringsutvikling og levande bygdesamfunn i bygder og bynære område med slike verdiar. Det blir løyvd 10 mill. kroner til ordninga i 2012. Departementet legg opp til dialog med mellom andre fylkeskommunane om det vidare arbeidet.

MERKUR-programmet og tilskotsordninga for utviklings- og investeringsstøtte til utkantbutikkar blir forvalta av Mentor AS. Utviklings- og investeringsstøtta blei etablert i 2010 og blir vidareført i 2012. Frå og med 2012 er det lagt opp til å utvide MERKUR-programmets tilbod til tiltak som vil bidra til å betre drivstofftilgangen i distrikta. Regjeringa føreslår ei overføring frå Samferdselsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet på 21,2 mill. kroner, knytt til at den planlagde ordninga for

kompensasjon til distrikta for skilnader i drivstoffprisar likevel ikkje blir innført, jf. Prop. 1 S (2011–2012) *Samferdselsdepartementet*. Midlane blir i staden føreslått nytta til å styrkje MERKUR-programmet i 2012. Midlane skal i hovudsak styrkje drivstofftilgangen i distrikta. Dette kan gjerast gjennom å etablere eller halde ved lag drivstoffanlegg i tilknytning til daglegvarebutikkar, eller å støtte etablering av nye, mobile drivstoffanlegg. Midlane vil bli lyste ut. Det vil bli utarbeidd nye kriterium for ordninga før utlysing. Det er òg føreslått å opne for at nokre av desse midlane kan bli nytta til ei generell styrking av MERKUR-programmet, der noko av midlane kan bli brukte til å utvikle nye konsept for korleis daglegvarebutikkar i distrikta kan styrkje si stilling som sentral leverandør av tenester. I tillegg blir det sett i gang eit prøveprosjekt der nokre butikkar prøver ut butikken som sosial arena for innbyggjarane. Av dei 21,2 mill. kronene blir 2 mill. kroner i administrasjonskostnader løyvd på kap. 552, post 21.

Kap. 554 post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling, Distriktssenteret

Distriktssenteret er eit forvaltningsorgan under Kommunal- og regionaldepartementet og skal støtte opp om lokal utviklingskraft og initiativ. Overordna mål for senteret er å vere ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distriktsområda. Denne rolla skal fyllast gjennom samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, andre regionale aktørar, nasjonale verkemiddelaktørar som Innovasjon Noreg og SIVA, organisasjonar og lokale eldsjeler.

Distriktssenteret har ei særleg viktig oppgåve i å formidle erfaringar frå ulike prosjekt, og i den samanheng er kunnskapsdeling eit stikkord. Heimesida til Distriktssenteret, www.distriktssenteret.no, er sentral i dette arbeidet. Distriktssenteret skal medverke til at vi får betre oversikt over kva slags satsingar som lukkast, og kva som kjenneteiknar desse, slik at andre kan lære av dei gode eksempla.

Distriktssenteret får sekretariatsansvaret for utdeling av Statens pris for attraktiv stad. Prisen er årleg og skal delast ut for å framheve kommunar og/eller andre aktørar som har vist vilje og evne til å skape ein levande og attraktiv stad. Ein jury vil stå for kåringa. Prisen vil vere på 250 000 kroner.

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg:

- 1 Oversikt over fylkesfordeling av midlar på kap. 551, post 60
- 2 Oversikt over skjønstildeling til omstilling og grenseregionalt samarbeid

Likelydande brev er sende til:

Akershus fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling
Finnmark fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Innovasjon Noreg hovudkontoret
Mentor AS
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Nord-Trøndelag fylkeskommune
Noregs forskingsråd
Oppland fylkeskommune
Oslo kommune
Rogaland fylkeskommune
SIVA – Selskapet for industrivekst SF
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sør-Trøndelag fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Østfold fylkeskommune

Vedlegg 1:

2012: Fylkesfordeling av kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Tal i mill. kroner

Fylke	2011					2012				
	Objektivt	omstilling	kommunale næringsfond	Interreg	Totalt 2011	Objektivt	omstilling	kommunale næringsfond	Interreg 2012	Totalt 2012
Østfold	9,00	0,00	2,70	9,35	21,05	9,00	0,00	2,70	9,35	21,05
Akershus	9,00	0,00	0,00	8,44	17,44	9,00	0,00	0,00	8,44	17,44
Oslo	9,00	0,00	0,00	2,50	11,50	9,00	0,00	0,00	2,50	11,50
Hedmark	61,69	2,00	14,53	5,94	84,16	57,18	2,00	14,50	5,94	79,62
Oppland	61,65	5,00	11,49	0,00	78,14	57,28	5,00	11,48	0,00	73,76
Buskerud	25,39	2,00	4,08	2,50	33,97	23,88	2,00	4,09	2,50	32,47
Vestfold	9,00	0,00	0,00	2,50	11,50	9,00	0,00	0,00	2,50	11,50
Telemark	53,59	0,00	7,40	2,50	63,49	49,83	0,00	7,39	2,50	59,72
Aust-Agder	23,43	0,00	8,57	2,50	34,50	22,00	0,00	8,56	2,50	33,06
Vest-Agder	27,47	0,00	6,56	2,50	36,53	25,66	0,00	6,56	2,50	34,72
Rogaland	24,82	3,00	6,84	0,00	34,66	23,35	2,00	6,87	0,00	32,22
Hordaland	62,70	7,00	10,82	0,00	80,52	58,45	5,00	10,80	0,00	74,25
Sogn og Fjordane	74,69	9,00	18,47	0,00	102,16	69,63	9,00	18,51	0,00	97,14
Møre og Romsdal	103,83	3,00	26,44	0,00	133,27	96,74	3,00	26,52	0,00	126,26
Sør-Trøndelag	67,10	0,00	15,91	5,49	88,50	62,51	0,00	15,92	5,49	83,92
Nord-Trøndelag	83,34	4,00	20,01	5,49	112,84	77,29	4,00	20,03	5,49	106,81
Nordland	224,46	5,00	29,49	8,76	267,71	208,30	9,00	29,49	8,76	255,55
Troms	143,85	10,00	22,64	7,48	183,97	133,77	10,00	22,61	7,48	173,86
Finnmark	100,56	11,00	19,05	5,33	135,94	93,80	13,00	18,97	5,33	131,10
Innovasjon Norge*					20,50					45,00
Totalt	1174,57	61,00	225,00	71,28	1552,35	1095,67	64,00	225,00	71,28	1500,95

*Midlane til å dekke gjennomføringskostnader ved ordningar i regi av Innovasjon Norge som er finansierte over kap. 551, post 60, blir overført direkte til Innovasjon Norge i 2011 og 2012. For å kunne fordele ramma over kap. 551, post 60 til fylkeskommunane har departementet, inntil endeleg beløp er avklart, brukt tilsvarende beløp for slike utgifter i 2011 som var 45 mill. kroner.

Forordningskriterium 2012:

1 Vekting av folketal innanfor det distriktspolitiske virkeområdet: Sone II *0,10, sone III *0,3, sone IV *0,45, tiltakszona *0,6

2 Alle fylka får ein bonnplanketildeling på 3mill. kroner

3 Fylka som etter kriterium 1 og 2 får ei tildeling på mindre enn 9 mill. kroner, får 9 mill. kroner (garantisum)

4 Ny vekst er avslutta

5 Skjønstildeling til fylka med regional og lokalsamfunn med store omstillingsutfordringar.

6 Skjønstildeling til kommunale næringsfond.

7 Skjønstildeling til europeisk territorielt samarbeid (Interreg).

Vedlegg 2.

Statsbudsjettet 2012: Grunnlag for tildeling etter skjøn til omstilling og statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg IV A

A. Grunnlag for tildeling etter skjøn til omstilling

Tildeling av midlar til omstilling er basert på utfordringar i områda og byggjer m.a. på innspel frå fylkeskommunane. I tråd med ansvarsreforma er det likevel opp til fylkeskommunane og partnerskapa å disponera den tildelte ramma ut frå behov som oppstår. Fylke som mottek omstillingsmidlar i 2012: Hedmark, Oppland, Buskerud, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark. Nærare opplysningar blir synleggjort i tilskotsbrev.

B. Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg IV A og ENPI¹.

Mill. kr.

Fylke	Nord	ENPI	Botnia- Atlantica	Sverige- Norge	Øresund- Kattegat- Skagerrak
Østfold				6,85	2,50
Akershus				5,94	2,50
Oslo					2,50
Hedmark				5,94	
Buskerud					2,50
Vestfold					2,50
Telemark					2,50
Aust-Agder					2,50
Vest-Agder					2,50
Sør-Trøndelag				5,49	
Nord-Trøndelag				5,49	
Nordland	2,665	2,665	3,43		
Troms	4,815 ²	2,665			
Finnmark	2,665	2,665			

¹ Grenseregionalt samarbeid med Russland innanfor rammene av partnerskapsprogramma til EU for samarbeid på yttergrensene.

² Løyvinga til Troms inkluderer 2,15 mill. kroner for Noregs deltaking i delprogrammet Sápmi under Interreg IV A Nord, som er overført frå kap. 552, post 72 til kap. 551, post 60 i 2011.